

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - N64, TI - &13	17/398

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

### Vidare utbygging av breiband i Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Fiberbreiband i indre masfjorden (L)(49734)	28.04.2017
Fiberbreiband - ynskje om å få breiband i Duesund og Nesjane (L)(51180)	28.04.2017
Høringsuttalelse (L)(52661)	28.04.2017
høyringsmerknad fiberutbygging (L)(52754)	28.04.2017
Høringsuttalelse (L)(53224)	28.04.2017
høyringsmerknad fiberutbygging (L)(53664)	28.04.2017
Høring fiberutbygging (L)(54028)	28.04.2017
Underskrifter frå dei som bur i hytter og campingvogner fast hjå ... storevatn (54420)	28.04.2017
Fiber i Indre Haugsdal (54419)	28.04.2017
Høyringsmerknad fiberutbygging (L)(54584)	28.04.2017
fiberutbygging Risnes (L)(54589)	28.04.2017
Underskrifter (L)(54268)	28.04.2017
Uttale om breibandsutbygging (L)(54267)	28.04.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver inntil 25 % av tilskotssummen avgrensa til inntil kr 2 mill. Dette vert å innarbeide i årsbudsjettet og i økonomiplanen når eventuelt tilskot frå NKOM er tildelt.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune skal innan 3. mai 2017 søkja om midlar til vidare utbygging av breidband i kommunen. Eitt av krava for ein slik søknad er at planen for utbygging skal vere til høyring i ein månad. Det vart difor kunngjert på heimesida at alle som har ønskjer det og har meininger/synspunkt om vidare fiberutbygging i Masfjorden kjem med merknad innan 22. april. Alle merknader som er kome inn er vedlagd denne saka.

Denne saka vil verta ettersendt søknaden, som går via fylkeskommunen til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM). Søknad om krone 6 mill i tilskot vert sendt inn før fristen den 3. mai.

Masfjorden kommune skreiv sommaren 2016 kontrakt med Telenor Norge AS, for å byggja ut breiband til heimar i Masfjorden kommune. I følgje avtalen skulle breibandsutbygginga starta opp i vinter, og mesteparten av arbeidet skal vera ferdig innan 1. desember 2017. Arbeidet er no i gang på Sandnes, og ein del andre framføringar i Nordbygda og andre stadar er og starta opp.

Kommunestyret drøfta i møtet den 28.09.2016, sak 069/2016 utbygging av fleire område i Masfjorden, og gjorde då følgjande vedtak:

*«Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)*

*Ordførar og rådmann får fullmakt til å utvide søknader og kontraktar innafør ei ramme på kr. 2 mill i eigenfinansiering. Rammene vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.*

*Kommunestyret ynskjer at prinsippet om at flest brukarar pr. investerte rammer ligg til grunn for prioritering.»*

Masfjorden kommune har i brev av 06.04.2017 fått tilsagn om midlar frå Hordaland fylkeskommune med krone 315.000,- til Rekneset og krone 266.000,- til Giljane/ Skjelsundet. Giljane/ Skjelsundet har ei kostnadsramme på krone 800.000,- og Rekneset ei kostnadsramme på krone 900.000,-. Tilskotet frå fylkeskommunen skal dekke 34 % av akkumulerte kostnader.

Avtalen med Telenor Norge AS og som skal byggjast ut i løpet av 2017 gjeld følgjande område:

1) Sandnes/ Kvamme, 2) Matre, 3) Hosteland, 4) Haugsvær, 5) Solheim, 6) Sleire/ Frøyset, 7) Straumsvika og 8) Ytre Haugsdal/ Haugsdalsvågen. Det vert vist til kart på heimesida.

I tillegg er det inngått to tilleggsavtalar til med Telenor, og det er dei to områda Rekneset og Andvik. Desse skal byggjast ut med fiber innan 15. juli 2018. Kontrakten med Telenor om å byggja ut Rekneset er på krone 900.000,-. Kontrakten med Telenor som gjeld området ved Andvik er på krone 1.000.000,-.

## **Vurdering**

Det er viktig at Masfjorden kommune har ein god strategi med omsyn på å prioritera kor ein skal satsa på utbygging av breiband med høg kvalitet til heimane. Ein klar kommunal strategi vil vera viktig for framtidige samarbeidspartnarar innanfor breibandsutbygging og drift, og for NKOM, når dei skal vurdera kven dei skal gje tilskot til når det gjeld breibandutbygging.

Administrasjonen har i saka som var til handsaming den 28.09.2016, sak 069/2016 drøfta kva område det er rett å prioritera vidare med omsyn på å få til utbygging av breiband til heimane. Eit viktig kriterie har vore kostnadseffektivitet med god utnytting av eksisterande infrastruktur som grøfter, stolpar m.m., samt pårekneleg med berekraftig drift i ettertida, og at det er lokale bedrifter i nærområda som kan koplast på.

Ved å skriva kontrakt med Telenor for områda Andvik og Rekneset har kommunen forplikta seg til ein kostnad på krone 1.9 millioner kroner. Den eine millionen er kommunen si forplikting knytt til den første søknaden til NKOM.

Tilskotet frå fylkeskommunen, på krone 315.000,- til Rekneset og krone 266.000,- til Giljane/Skjelsundet, medfører at kommunen sin del vert på ca krone 1,1 mill for desse to områda før eventuell private bidrag vert teke med. Det er m.a. gjort avtale om anleggsbidrag frå ei bedrift til kommunen på krone 60.000,-

Situasjonen er likevel at det i Masfjorden kommune er mange bygder og enkeltstående bustader som enno ikkje har breiband, og som det ikkje er planlagt breiband fram til. For å betra situasjonen vil Masfjorden kommune difor søkja om finansiering til å bygge ut vidare breiband til innbyggjarane, næringsliv og andre aktuelle brukarar i område som i dag manglar fiber/breiband eller som ikkje vert omfatta av prosjekta til Telenor i 2017/ våren 2018.

Tabellen viser alle områda som det no vert søkt om midlar til, og som det ikkje er gjeve tilskot til tidlegare.

Område	Utbyggingsområde som vert prioritert i denne søknaden	Tal ca potensielle kundar	Kostnadsoverslag (stipulert)
1	Strekninga Einestrand - Kvamme	100	2.500.000
2	Duesund	20	900.000
3	Arekletten	15	900.000
4	Indre Haugsdalen	20	700.000,-
5	Suppleringsområde i randsoner til prosjektområda til Telenor.	40	1.000.000,-

	Gjeld einskildbustader og mindre grender rundt prosjektområda		
6	Andre bygder som ligg spreidd utan breidband.  Byrkjeland, Kvamdalen, Kalhovda, Furebotn, Ådnekvamme, Hope m.fl.	50	2.000.000,-
	Sum	260	8.000.000

Utbygginga vil vera ein del av kommunens si satsing på å gje tilgang på digitale tenester, som også omfattar utbygging/utbetring av mobildekninga i kommunen. Rådmannen vil peike på at det vanskeleg å vite kor mykje ein kan få i tilskot frå NKOM, og at det er utfallet av søknaden som er avgjerande for kva ein kan få til av vidare fiberutbygging i 2018/2019.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at kommunestyret løyver inntil 25 % av tilskotssummen avgrensa til inntil kr 2 mill. , og at dette vert å innarbeide i årsbudsjettet og i økonomiplanen når eventuelt tilskot frå NKOM er tildelt for 2017.

**Kommunestyret - 020/2017**

**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Kommunestyret løyver inntil 25 % av tilskotssummen avgrensa til inntil kr 2 mill. Dette vert å

innarbeide i årsbudsjettet og i økonomiplanen når eventuelt tilskot frå NKOM er tildelt.